



Arkivsak

26/10012-1

Sakshandsamar

Hilde F. Andersen

Saksgang

Hovedutvalg for samferdsel

Fylkesutvalg

Fylkestinget

Møtedato

27.05.2026

10.06.2026

18.06.2026

Fergene Telemark FKF - Justering vedtekter

Innstilling frå fylkesdirektøren

Vedtekter endrast i tråd med vedlagte forslag.

Bakgrunn og saksgang

Fergene Telemark FKF blei oppretta i 2024 og etter eit drøyt års drift leggst vedtektene fram for nokre justeringar. Vedtektene er tidigare justert av fylkestinget i sak 175/24 *Justerte vedtekter og val av revisor – Fergene i Telemark FKF*. Styret i føretaket har hatt vedtektsendringane til handsaming 29. april 2026.

Hovudutval for samferdsel har saka til uttale, fylkesutvalet handsamar saka og innstiller til fylkestinget som fattar endeleg vedtak.

Saksopplysningar

I eigarmøte med føretaket 5. mars 2026 blei det lagt fram nokre forslag til endring i vedtekter, bl.a. om å endre forretningsadresse frå Skien til Kragerø, då ein del materiale og varer i dag sendast til Skien, som skal nyttast i Kragerø. Adressa blei først endra av fylkestinget i sak 175/24 etter førespurnad frå Brønnøysundregisteret. I ettertid har Sjøfartsdirektoratet påpeika behov for at forretningsadresse må vere der føretaket helder til, og Brønnøysund har no tillate dette.

Fylkesdirektøren har samstundes gått gjennom vedtektene og legge fram nokre forslag til mindre endringar, dels redaksjonelle og fjerning av overflødig informasjon, men og for å samstemme med andre gjeldande styringsdokument i Telemark fylkeskommune, t.d. om delegasjon.

Døme på endringar som er lagt fram:

- Endre namn på avtale med kommunar i tråd med faktisk namn: Samarbeidsavtale
- Justere tal på styremedlem, legge til at det heretter og skal veljast varamedlemmer
- Få fram at fylkesordførar og fylkesdirektør har møte- og talerett i styret sine møte.
- Fjerne mynde til hovudutval for samferdsel som ikkje er i tråd med vedtatt delegering.
- Signaturrett kan delegerast til dagleg leiar likt seksjonsledarar i tråd med delegering.

Styret i Fergene Telemark FKF har hatt forslag til vedtektsendring til handsaming, og har gitt nokre innspel som vist i vedlagt protokoll fra styremøte 29.4.2025. Innspel om vararepresentantar er tatt inn i endra vedtekter, medan andre endringsforslag frå styret er vurdert, men ikkje innarbeida då formuleringar i vedtektene følger av kommunelova. Styreprotokollen er lagt ved saka.

Forslag til endringar er vist i raudt i vedlegg.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Vedtektsendringane gir ingen direkte økonomisk effekt for fylkeskommunen eller føretaket, men vil tydeleggjera at Fergene Telemark FKF følger dei til ein kvar tid gjeldande økonomireglane i lov og forskrift og Telemark fylkeskommune fastsette økonomireglement. Ein muleg reduksjon av antal styremedlemmer vil redusere kostnadane for føretaket.

Vararepresentantar veljast i samband med planlagd val av styremedlemmer i prosess til hausten.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Ingen kjente konsekvensar.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren rår til at fylkestinget gjer endringar i vedtektene som vist i vedlegg.

Det ble elles drøfta fleire punkt i det nemnte eigarmøtet med føretaket. Fylkesdirektøren vil foreslå å deflatorjustere tilskotet til føretaket i forslag til handlings- og økonomiplan 2027-2030.

Vedlegg:

Vedtekter for Fergene Telemark FKF_18.6.2026_utkast